

Skulebasert praksisplan

2023 - 2024



Kyrkjeberget 2, 4364 SIREVÅG

Tlf: 51 43 60 60

E-post: post.ogna.skule@ha.kommune.no

Innhold

Innholdsliste	s. 2
Velkommen til Ognå skule	s. 3
Praksisparti 2022-2023	s. 4
Nøkkelpersonar i praksisperiodane	s. 4
Rammer for praksis	s. 5
Læringsutbytte i praksis	s. 5
Innhold i praksisstudiet	s. 7
Variert praksis	s. 7
Veiledet praksis	s. 8
Vurdert praksis	s. 8
Sjekkliste	s. 9

Skulebasert praksisplan for Ognå skule er utarbeida av:

Praksislærer: Kari Ueland
Praksislærer: Anne-Mette Tveiten
Praksislærer: Liv Lende Olsen
Rektor: Helge Håland



Me løfter i lag

Velkommen til Ogna skule

Ogna skule ligg i flotte naturområde rett ved fylkesveg 44 og i gangavstand til togstasjonen. Det er ein kombinert 1-10 skule med 256 elevar og ca. 40 tilsette pr. 01.08.2023. 3. januar 2018 flytta me inn i heilt ny skule som me er veldig stolte av. Her ligg alt til rette for å møta morgondagen sine krav til elevane si opplæring.

Skulen si utviklingsgruppe består av rektor, ATV og tre avdelingsleiarar. Me er organisert i tre lag; 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn. Kwart lag har sin avdelingsleiar. Du vil vera med på det laget der praksislæraren høyrer til.

Ogna skule har inngått ny partnerskapsavtale med UiS for perioden 2022 - 2026, og det er med glede me ser fram til å vera praksisskule for deg når du kjem til oss skuleåret 2023/2024. Det set krav til oss om å vera i stadig utvikling, og å vera ein lærande organisasjon.

Hå kommune har visjonen "Me løfter i lag", medan Ogna skule har visjonen "Ogna skule - ein plass for deg". Desse visjonane jobbar me etter kvar dag, og dei seier noko om kor viktig det er å samarbeide og utvikle oss som eit sterkt kollektiv. I tillegg må me alltid hugse på at det er den faglege og sosiale utviklinga til den enkelte elev som er kjernen i læraren sitt daglege arbeid.

Skulen sitt satsingsområde for komande skuleår er dialogbasert undervisning i eit inkluderande fellesskap. Skulen skal vere eit læringsfellesskap der alle elevane er aktive, og læringsmiljøet skal vere trygt og godt slik at det er rom for å svare feil.

Du finn elles mykje nyttig informasjon på skulen si nettside: <https://www.ha.no/ogna-skule/>

Me ser fram til å vera med og hjelpe deg som student på vegen med "å læra å bli lærar". Me vil vektleggja at du får ein variert, veileda og vurdert praksis.

Med beste helsing
Helge Håland, rektor



Praksisparti 2023/2024

Utdanningsprogram	Årstrinn	Praksisveker	Vektlagde fag	Praksislærer
MGLU 5-10	1. år	2 veker haust	Matematikk	Karoline B. Berglyd
MGLU 5-10	1. år	3 veker vår	Matematikk	Karoline B. Berglyd
MGLU 5-10	3. år	3 veker vår	Matematikk	Kari Ueland
MGLU 1-7	2. år	3 veker vår	Naturfag	Liv Lende Olsen

Nøkkelpersonar i praksisperiodane

Rolle	Namn	Telefon	E-post
Praksislærer	Liv Lende Olsen	416 80 558	llol@skule.ha.no
Praksislærer	Kari Ueland	977 98 680	kue1@skule.ha.no
Praksislærer	Karoline B. Berglyd	924 96 254	kber1@skule.ha.no
Avdelingsleiar	Vibeke N Apneseth	920 48 841	vapn@skule.ha.no
Avdelingsleiar	Arild Skretting	408 89 100	arsk@skule.ha.no
Avdelingsleiar	Baste Sudmann	941 28 130	bsud@skule.ha.no
Rektor	Helge Håland	415 32 615	hhal@skule.ha.no

Rammer for praksis

- Ved sjukdom må du gje beskjed til skulen på telefon 51 43 60 00 eller direkte til praksislærer. Skulen/praksislærer må ha beskjed før kl. 07:30.
- Arbeidstida di er mellom kl. 08:00 og 16:00. Dersom du skal vera med på foreldremøte eller andre møte på kveldstid, kan dette avspasserast etter avtale med praksislærer.
- Fellestid for lærarane er tysdagar og torsdagar til kl. 15.20. Tysdagane er det PU-tid (pedagogisk utviklingsarbeid), medan torsdagane vert brukt til lagmøte og arbeid på trinn. Det er forventa at du deltek i fellestida på lik linje med dei andre lærarane.
- Tilsyn i pausane er ein del av arbeidet til lærarane. Alle vaktene bruker gul/oransje refleksvest.
- Det vert forventa at du er godt førebudd til undervisning, og at du er på plass til avtalt tid.
- Hugs på at du har taushetsplikt.
- Du har ansvar for å oppfylle visjonen til skulen: "Ogna skule - ein plass for deg"
- Det er forventa av deg at du har god orden og ryddar etter deg.
- Røyking er forbode på skulen sitt område.

Læringsutbytte i praksis

I praksisperioden hos oss skal du få gi uttrykk for forventningane dine til læraryrket, og seia litt om kva du trur blir enkelt og kva som kan bli utfordrande for deg. I respekt for deg vil me leggja til rette for at du under trygge forhold skal få gjera deg erfaringar i eit godt læringsmiljø i fellesskap med andre. Der kan du tileigna deg kunnskap, ferdigheitar og generell kompetanse i samsvar med gjeldande planar, lover og retningslinjer. I tillegg vil me utfordra deg til auka etisk medvitskap. Dei teoretiske kunnskapane du har tileigna deg frå før vil du bruka i planlegging og refleksjon i praksis.

Slik reknar me med at du får ei erfaring av at teori og praksis heng saman. Du vil få trening i didaktisk tenking, vurdering, planlegging og gjennomføring av undervisningsopplegg.

Kompetansemåla i læreplanane frå kunnskapsløftet og lokale læreplanar ligg til grunn for planlegginga. Følgjande spørsmål er sentrale; Kva skal lærast, kvifor skal det lærast og korleis skal det lærast. Ved at du sjølv blir vurdert for å læra meir og ved å vurdere elevane for at dei skal læra meir får du erfare korleis vurdering kan bidra til å fremja læring og utvikling.



Læraridentitet, relasjonskompetanse og kunnskap om elevmangfoldet får du utvikla i tett samspel med lærarar og elevar på skulen i lærings situasjonar, på uteskule, under måltid og i fri leik. Saman med medstudentar, praksisskulelærarar og praksislærer får du diskutera og

reflektera rundt egne og andre sine opplevingar og erfaringar slik at ein i lag utviklar betre kompetanse.

Me arbeider for at praksisperioden din her skal bidra til at du som utdanna lærar er i stand til å gi elevane dine danning og utdanning slik at dei meistrar vidare skulegang, yrkes-, samfunns- og famielliv. Lykke til!

I syklus 1 (1. - 3. studieår) omfattar det:

- Utvikling av læraridentitet og relasjonskompetanse
- Lærararbeidet i møte med det fleirkulturelle klasserom
- Klasseleiing
- Planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisninga
- Tilpassa opplæring og læringsfremjande vurdering
- Skulen som organisasjon og samarbeid med andre instansar

I syklus 2 (4. og 5. studieår) omfattar det:

- Læringsleiing og ei djupare forståing av elevmangfoldet
- Forsknings-og utviklingsarbeid relatert til skulen
- Utvikling av endringskompetanse

5. studieåret er det ikkje eigen praksisperiode, men du kan koma til skulen for å henta inn relevant informasjon i forhold til masteroppgåve.

Ved å observera undervisning og ved å planleggja og gjennomføra eiga undervisning eventuelt i samarbeid med andre får du kunnskap og erfaring med klasseleiing, planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning. Det gjeld også læringsfremjande vurdering og tilpassa opplæring. Du får kjennskap til forskjellige sosiale og faglege kartleggingsverktøy. Me brukar; SOL, Carlsten, nasjonale prøver, kartleggingsprøvar og klassetrivsel. Du får også erfaring med å integrera dei 5 grunnleggjande ferdigheitane i alle fag, munnlege ferdigheter, lesing, skriving, rekning og digital kompetanse. Eit gjennomgåande mål for undervisninga her er at ho skal vera praktisk, relevant, utfordrande og variert (PRUV) I diskusjon og vurdering i lag med praksisgruppa og praksislærar blir kunnskap, erfaringar og observasjonar delte, diskuterte og vurderte slik at den enkelte får høve til å utvikla nye ferdigheter og til å få betre kompetanse. Me vil fremja eit læringsmiljø for både elevar, studentar, praksislærar og praksisskulelærarar der det er lov å prøva og feila, der me alle er under vegs, og der me hjelper kvarandre til å lukkast betre, jr. Hå kommune sin visjon.

Du vil få oppleva at skulen legg vekt på eit godt samarbeid med heimane, korleis samarbeidet foregår og kva betydning det har for elevane og deira trivsel og læring.

I tillegg får du kunnskap om skulen som organisasjon ved å delta på forskjellige møter, og du får innblikk i samarbeid med andre instansar.

Me ynskjer at du skal ha eit bevisst forhold til kven du er og korleis du tenkjer om deg sjølv som lærar både når du starta praksisperioden og når du avslutta den. Då reknar me med at du vil sjå ei positiv endring hos deg sjølv når det gjeld kunnskap, ferdigheit og generell kompetanse. Me vil også gjerne få vita litt om kva som har betydd mest for deg og om det er noko du sakna i praksisperioden. Slik kan me også forbetra oss som praksisskule og praksislærarar.

Innhald i praksisstudiet

Det didaktiske møtet er et gjennomgående tema i alle fire studieår. UiS har i tillegg valgt å ha et spesielt fokus på følgende tema:

- 1. studieår: Lærerrollen, lærerarbeidet og det didaktiske møtet mellom elev, lærarar og lærestoffet
- 2. studieår: Eleven og elevmangfaldet
- 3. og 4. studieår: Skulen som organisasjon, det profesjonelle fellesskapet, samarbeidet med føresette og andre sentrale instansar i skulen
- Alle studieår: Dei tverrgåande perspektiva, som er tilpassa opplæring, vurdering, varierte arbeidsformer, grunnleggjande dugleikar og det fleirkulturelle og samiske perspektivet

Me vil ta ansvar for at desse fokusområda blir ivaretekne for deg på dei respektive studieåra.



Variert praksis

Me ønskjer saman med deg at du skal få læra mest mogleg om å vera lærar. Derfor vil me saman med deg leggje til rette for at du skal få erfara dei forskjellige arbeidsoppgåvene ein lærar har ut frå kvar du er i læringsløpet, kva fag du studerer og ut frå tidlegare utdanning og erfaring.

Sidan me er ein 1-10 skule, kan me tilby praksiserfaring i alle fag på alle trinn. På alle hovudtrinn har me praksislærarar. Lærarkollegiet spenner frå heilt nyutdanna lærarar til lærarar med lang erfaring. Me vil ta imot deg og bidra til felles læring og utvikling.

Du skal:

- Observera praksislærar/praksisskulelærarar/studentar i rolla som lærar
- Planleggje, gjennomføre og evaluere delar av eller heile undervisningsøkter
- Prøva ut ulike arbeidsmåtar saman med elevane, til dømes: stasjonsundervisning, pararbeid, gruppearbeid, individuelt arbeid, drama...


- Ta del i rettelærarbeid der vi brukar prinsippet om vurdering for læring. Arbeidet elevane gjer skal vurderast etter kvart og dei skal få framovermeldingar munnleg og skriftleg
- Observere og delta på friminuttsaktivitetar
- Delta i vaktordninga
- Vera med på uteskule
- Vera med på lagmøte
- Vera med i PU-tida
- Vera med på andre arena knytt til skulen: foreldremøte, utviklingssamtalar, elevsamtalar, lagmøte, personalmøte, klubbmøte, møte med PPT og barnevern

Veileda/rettleia praksis

Praksisen på vår skule skal vera rettleia. Saman med praksislærar og medstudenter skal du lage og gjennomføre undervisningsopplegg med utgangspunkt i nasjonale, våre lokale læreplaner, samt den didaktiske relasjonsmodellen.

I forkant av undervisningen vil du få rettleiing på dei didaktiske planene du har utarbeida aleine, saman med medstudenter eller med praksislærar. Den didaktiske teksta til undervisningsøkta må du levere seinast den morgonen du/de skal gjennomføre

undervisningsopplegget. Du får også rettleiing korleis du fungerer i samhandling med elever, kollegaer og medstudenter.



Vurdert praksis

Vurderinga i praksis er knytt opp til praksis måla i din rammeplan, for dei enkelte studieår. I kvar praksisperiode vil du få ein individuell rettleiingstime med praksislærar der me drøfter korleis du kan arbeide vidare for å nå praksis måla. Vurderinga blir gitt av praksislærar i samråd med rektor.

Du vil motta ein skriftleg midtveis - og sluttvurdering. Den skal vise kva du kan og gi råd for ditt vidare arbeid som lærarstudent. I tillegg vil den munnlege dialogen i rettleiinga av undervisningen også være med på å lære deg å bli lærar.

Sjekkliste

I tabellen nedanfor finn du informasjon om kven du kan ta kontakt med om du lurar på noko.

Sjekkliste	Ansvar
Nøkler, alarm	Linda Maurseth, adm. konsulent
Omvisning på skulen	Praksislærar
Oppstartsamtale	Helge Håland, rektor
Info om kaffi/te og kantine	Praksislærar
Faglege spørsmål	Praksislærar
Chromebook og brukar	Baste Sudmann, IKT-ansvarleg
Kopimaskin	Linda Maurseth, adm. konsulent
Bibliotek	Anne-Mari Turøy Sirevåg, skulebibliotekar
SFO	Toyni Å. Bolager/Unni P. Teigland, SFO-leiarar
Dela ut utviklingplan og fortelje om innhaldet	Praksislærar
Generell info om oppmøte, fråvær, garderobe- og toalett	Praksislærar